



Hordaland Fylkeskommune

Pb 7900

5020 BERGEN

Vår ref.
16/420-104/N - 567/JONE

Dykkar ref.

Dato:
07.03.2018

Tilskot til trygg skuleveg og punktutbetring -søknad om tilskot(FTU/MISA) -ref 2014/22680 -Oddland - Lidarende -Fv-49

Viser til dykkar utlysning av tilskotmidlar knytt til trygge skulevegar og punktutbetring med frist den 7.mars. Kvam herad vil med dette søkja om 5 mill. kroner til prosjektet.

Området det gjeld er parsellen Oddland – Lidarende. Området har godkjent reguleringsplan, vedtatt den 11.02.2011. Reguleringsplanen omfattar køyreveg for Fv-49, inklusiv gang- og sykkelveg på vel 500 m. I dag er det tilrettelagt gang og –sykkelveg på begge sidene av det regulerte området, i retning mot Vikøy og i retning i mot Tørvikbygd. Ved å byggja gang- og sykkelveg på strekkja Oddland – Lidarende, vil det verta samanhengande gang- og sykkelveg i frå Aksnes til Norheimsund. Utbetring av parsellen vil gjera det tryggare for mjuke trafikkantar å komma seg til regionsenteret i Norheimsund.

I Kvam herad sin trafikkisikringsplan for perioden 2016 til 2019, er prosjektet trekt fram som noko som skal gjerast på «kort sikt». Prioritering, «middels».

I investeringsprogrammet til Hordaland fylkeskommune er prosjekt nemnt på fylgjande vis; «Fv. 49 Odland – Lidarende, Kvam herad. Prosjektet er klart til utlysning. Utfordringa er at tiltaket kostar meir enn avsett ramme, og ein må få til eit spleiselag for å finansiere tiltaket.» I rammene for tiltaket er det sett opp 2 mill kroner i 2018 og 5 millionar i 2019. Fullstendig gjennomføring av reguleringsplan for Oddland – Lidarende er sett til 24 mill. kr. For å få til eit spleiselag, vert det søkt om tilskotmidlar for trygge skulevegar og punktutbetringar. Kvam herad vil også vurdera bruk av kompensasjonsmidlar.

Statens vegvesen arbeider med prosjektering av tiltaket i mellom Oddland og Lidarende. Kvam herad avventar tilbakemelding frå Statens vegvesen på ei noko enklare løysing med tanke på utbetring av køyreveg, og gang- og sykkelveg på strekkja. Prosjektet med kostnad og gjennomføring vert ettersendt. Prosjektet kan startast opp etter kvart som prosjekteringa er på plass. Vonleg kan dette komma i gang i andre halvdel av 2018.

Helsing

Jon Nedkvitne

Samfunns- og utviklingssjef

Telefon: 56553021

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Mottakarliste:

Hordaland	Pb 7900	5020	BERGEN
Fylkeskommune			

Kopi til

Statens vegvesen Region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
------------------------------	-------------	------	-----------

Vedlegg

Tittel

07.03.2018	123820090015 Føresegner
07.03.2018	123820090015 Plankart komprimert
07.03.2018	123820090015 Plankart
07.03.2018	Søknadsskjema 2018